



Ei fullsett Uskedal kyrkje tok i dag farvel med Lina Håland.

Det vart ei gudsteneste slik det måtte bli som farvel til soknepresten i Uskedalen, Lina Håland. Gospel, lovsong, konfirmantane og nådemåltidet i nattverden var viktige element i ei gudsteneste vi seint vil gløyma. Det vart motteke med spontan applaus då Lina Håland fortalde at ho kjem tilbake til Uskedalen 12. mai 2019 for å stå for konfirmasjonen. Ein brannalarm straks etter postludiet fekk alle ut av kyrkja og dermed vart det samling på kyrkjebakken med kaffi, kake og helsingar.

Ei fullsett kyrkje tok i dag farvel med den folkekjære soknepresten. Det var frammøte frå store deler av Kvinnherad og mange uttrykte takksemd for det arbeidet Lina Håland har lagt ned med sin sosiale veremåte for så mange i sorg og glede. Lina Håland har teologisk embetseksamen frå Misjonshøgskulen i Stavanger. Ho vart ordinert i stillinga som sokneprest i Uskedalen 24. august 2014.



Talen om den blindfødde mannen i Johannes kap 9 vart konkretisert med eit kjært minne, ein dreia trebolle, men med hol i botnen der lyset kjem inn.

I talen sin ved innsetjinga sa ho at målet med tenesta er at menneske skal få møta Jesus på ein god måte, slik ho sjølv hadde møtt han. Ho sa vidare at kyrkja skal vera ein god plass å koma til. Lina Håland har levd opp til denne utsegna. Etter gudstenesta i dag har vi registrert på Facebook at nokre skriv: Uskedal kyrkje - ein god plass å vera i dag.



Gospelkoret Abraham med sin musikalske leiar, Bjarte Lending, song til slutt Bruremarsj med tonefylgje på orgel og sologitar.

Talen i dag byggjer på teksten frå Johannes 9,1 -14, om mannen som var fødd blind, men som fekk synet tilbake. Jesus tok klar avstand frå jødane sine tankar om at sjukdom, ulukke og motgang måtte vera Guds straff for synd. All lidning er eit kall frå Gud til å hjelpa og syna nåde.

Nattverden er eit nådemåltid og sjeldan har så mange teke del i nattverden som i dag. Gospelkoret Abraham song mellom anna Har du fyr av Ole Bremnes og salmen Namnet Jesus under utdelinga. To av konfirmantane var med i førebuinga til nattverden.

Leiar i Uskedal sokneråd, Svanhill Haugland, og representant frå soknene Husnes, Valen og Utåker, Ståle Schille, takka og sa fram helsing til Lina etter gudstenesta. Det same gjorde prosten i Sunnhordland og ein flittig kykjegjest, Ståle Mehl.

Det vart ei verdig og fin avskjedsgudsteneste for Lina Håland. Neste stopp i hennar liv er hovudkyrkja i den 5. største byen i Noreg, Sandnes.

Tekst nett: Kristian Bringedal

Foto: Anja Strüter/Kristian Bringedal



Ein brannalarm fekk alle ut på kyrkjebakken der det vart sagt fram helsingar og servert tre kaker med påskrift og kaffi. F.v: Lina Håland, prosten Theodorsen og Svanhill Haugland og Ståle Schille.